



Bergen kommune  
Postboks 7700  
5020 BERGEN

Dato: 05.07.2017  
Vår ref.: 2014/22642-4  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## Handtering av inntektsbortfall i Bergensprogrammet i 2017

### Bakgrunn

Bystyret i Bergen handsama 22. mars sak 77/17 «Bergensprogrammet - justering av takster i bomringen på grunn av inntektsbortfall», og fatta følgjande vedtak:

«Bystyret ber om at fylkestinget justerer ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017, som bystyret gav sin uttalelse til 16. november 2016 (sak 301-16), med 70 mill kroner for å ta igjen inntektstapet i 2016. Bystyret ber om å få uttale seg til forslag til salderinger før saken sluttbehandles i fylkestinget.»

Fylkestinget i Hordaland handsama 7. mars 2017 sak 18/17 «Bomringen i Bergen - lågare inntekt i Bergensprogrammet etter innføring av tidsdifferensierte takstar», og gjorde mellom anna slikt vedtak

«Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr. i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.»

I saka «Tertialrapport pr. april 2017 – rekneskapsprognose», sak 63/17, som vart handsama i fylkestinget 13. juni 2017 foreslo fylkesrådmannen at ein kjem attende til justeringane i samband med rapporten etter 2. tertial til fylkestinget i oktober.

### Forslag til justeringar

Ressurstrongen har på fleire område endra seg i høve til føresetnadene då plan og byggeprogrammet vart utarbeidd. Dermed ser det ut til at det let seg gjera å få balanse mellom bompengainntekter og utbetalingar i løpet av året utan å utsetja eller stoppa ønska prosjekt.

#### Bompengefinansierte prosjekt

Oppgraderinga av Olsviktunnelen er eit avslutta prosjekt, som har eit mindre forbruk på 472 000 kr. Ringveg vest er belasta feil med 20 mill kr. som gjeld Lyderhorntunnelen, som skal finansierast av staten. Det ser ut til at Bybanen Utbygging treng 28 mill. kr mindre i 2017 enn kva det var lagt opptil i budsjettet. Dermed kan bruken av bompengar reduserast med omlag 32 mill. kr. Hjellestadvegen er bompengefinansiert. Leverandør er valt og arbeidet kjem snart i gang.

#### Mindreforbruk på programområda

I tertialrapporten som no ligg føre, er det omlag 37 mill. kr. i mindreforbruk på programområda. Den største posten er kollektivfelt i Fyllingsdalen (som eigentleg gjeld sykkelveg), som fekk ein redusert kostnad på 19 millionar kr. grunna arbeidet med reguleringsplan for bybane mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen. Ein ønskte å vente med å etablere denne planlagte

sykkelvegen til ein var trygg for at den ikkje måtte byggjast om dersom den skulle vere i konflikt med bybanetraseen. Det har no vist seg at sykkelvegen ikkje er i konflikt med bybanen. Det er ønskeleg å bygge denne så snart det er likviditet til det. Det er også venta omlag 15,5 mill. netto mindreforbruk på gang og sykkeltiltak i 2017. Dette skuldast forseinka framdrift og er difor ikkje varige innsparingar.

#### Endra finansieringskjelde for Hjeltestadvegen

For å koma ned på riktig nivå på bruk av bompengar i 2017, tilrår vi å endra finansieringskjelda for Hjeltestadvegen frå bompengar til fylkeskommunale midlar. Kollektiv- og gang- og sykkelprosjekt som ikkje startar opp eller har saktare framdrift (altså «mindreforbruket på programområda» i 2017 som omtala over), gjer dette mogleg.

#### Oppsummering

Rapporten for første tertial viser at det er rom for å leve med ein inntektsvikt på 70 mill kr. I 2017. No kan sjølvstgå både inntektsvikten og mindreforbruket endra seg noko og vi vil ha løpande merksemd på å tilpassa kostnadane inntektsnivået.

Mindreforbruk	kr	
Olsviktunnelen	kr	472 000
Ringveg vest	kr	20 000 000
Bybanen	kr	28 000 000
Programområda	kr	37 000 000
	kr	85 472 000

Me ber om at Bergen kommune uttalar seg til opplegget for å få balanse mellom inntekter og utbetalingar i 2017.

John Martin Jacobsen  
seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Statens vegvesen - Region Vest